



DEN NORSKE KYRKJA

STRAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

PERSONVERNERKLÆRING FOR DEN NORSKE KYRKJA I STRAND

Denne personvernerklæringen tar for seg vår handtering av personopplysningar som samlast inn for at vi skal kunne utøve våre tenester overfor våre medlemmar og andre vi jobbar med.

Behandlingsansvarleg i organisasjonen er kyrkjeverje/dagleg leiar om ikkje oppgåver er delegert. Førespurnader for innsyn, retting eller sletting av personopplysningar kan gjerast til kyrkja@strand.kommune.no.

Medlemskap

Frå våre medlemmar hentar vi inn namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato og e-post-adresse. Desse opplysningane er grunnlag for å rapportere på antall medlemmar for å ta imot offentleg tilskot til drift av organisasjonen. I tillegg treng vi kontaktinformasjon på medlemmar for å kunne gje eit tilstrekkeleg tilbod og informasjon knytt til medlemskapet. Når ein melder seg inn i organisasjonen, samtykker ein til kvart einskild område ein tillèt at organisasjonen bruker personopplysningar til, eksempelvis medlemsblad, nyhetsbrev, invitasjon til arrangement mm. Ved avslutta medlemskap vert dine personopplysningar sletta.

E-post

Du kan sende e-post til oss, men hugs at alle verksemder er sårbare for datatjuveri. Du bør difor ikkje sende sensitivt innhald per e-post. Om vi tar imot ein slik e-post, behandler vi e-posten i tråd med innhaldet og slettar den straks.

Nyhetsbrev

Som medlem hjå oss kan du melde deg på som mottakar av våre nyhetsbrev, anten i form av sms, epost, brev og anna. For at vi skal kunne sende deg nyhetsbrev, må du registrere di e-post adresse og/eller mobilnummeret hjå oss. Denne vert lagra i ein eigen database, vert ikkje delt med andre og vert sletta når den ikkje lenger er i bruk.

Påmelding kurs og arrangementer

Via vår nettside er det mogleg å melde seg på leirar, kurs og andre arrangement. Ved påmelding samlar vi inn informasjon som namn og kontaktopplysningar i tillegg til allergiar og behov for tilrettelegging. Desse personopplysningane blir ikkje brukt til andre føremål enn å administrere arrangementet. Personopplysningane vert sletta etter endt arrangement. Vi hentar inn eigne samtykke for å kartlegge interesse og ønske om å motta invitasjon til nye arrangement.

Kyrkjelege og offentlege handlingar

Ved kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd vert det henta inn opplysningar nødvendige for å behandling av handlinga. Opplysningane vert lagra i kyrkjebok og er i utgangspunkt offentleg tilgjengeleg i tråd med Forvaltningsloven §13a nr3 og Offentleglova §2 andre ledd.

Vedtatt på stabsmøte 14.08.2018.